



Alver kommune
Plan- og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8285 - 20/32214

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:
02.06.2020

Løyve til deling etter jordlova - GBNR 64/3 Myksvoll

**Administrativt
vedtak**

Saknr:

Tiltak:

Arealoverføring frå gbnr 64/3 til gbnr 64/12

Eigedom:

Gbnr: 64/3 Myksvoll

Tiltakshavar:

Ole Gunnar Furesund


Vedtak :

Alver kommune gjev samtykke til deling av 690 m2 som omsøkt på gbnr 64/3 Myksvoll med heimel i jordlova §12. Formålet med delinga er arealoverføring til bustadeigedom gbnr 64/12 Myksvoll.

Saka gjeld:

Det vert søknad om deling av eit 690 m2 stor areal frå gbnr 64/3 Myksvoll. Formålet er arealoverføring til gbnr 64/12 Myksvoll. Arealet består av skogsmark og noko steinsett og planert areal. Det er ikkje snakk om frådelling av dyrka eller dyrkbar jord og ein treng såleis ikkje løyve til omdisponering for å godkjenne delinga.

Situasjonskart



Planstatus/gardskart:

Det aktuelle arealet som vert søkt frådelt har status som LNF i kommuneplanen.

Landbrukseigedomen gbnr 64/3 Myksvoll har eit totalareal på 181,9 dekar. Av dette er 27,7 dekar fulldyrka- og/eller overflatedyrka jord. Det er 30,4 dekar innmarksbeite og 85 dekar produktiv skogsmark. Det er 38,8 dekar anna utmark og bebygd areal

Det er ikkje eigen landbruksdrift på garden i dag, men innmarka vert hausta av andre.

Vurdering**Deling etter jordlova § 12**

Det følgjer av jordlova § 12 at «deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.»

I vurderinga av om det skal gjevast samtykke til deling, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova, jf. jordlova § 12 3.ledd.

Det følgjer av jordlova § 12 4.ledd at sjølv om vilkåra etter 3.ledd ikkje er oppfylt, så kan gjevast samtykke til deling dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Det aktuelle arealet er ikkje eigna for landbruksdrift og ligg tett inntil og mellom eksisterande bustadeigedomar. Det er ingen landbruksdrift i nærområdet. Beitet i nordaust er kome langt i ein attgroingsfase.

Såleis har delinga ingen konsekvensar for ressursgrunnlaget på garden og vil ikkje påføre landbrukset i området drifts- eller miljømessige ulemper.

Konklusjon:

Det vert gjeve løyve til delinga etter § 12 i jordlova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/8285

Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvirert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune
Ole Gunnar Furesund
Rune Furesund

Titlandsvegen 1
Lurevegen 925

5912 SEIM
5912 SEIM